
Fra: Øvretvedt Ivar <Ivar.Ovretvedt@norconsult.com>
Sendt: søndag 16. desember 2018 23:33
Til: Postmottak Meland
Kopi: Anny Bastesen
Emne: Fritak for tilkoplingsavgift kommunalt vatn g/bnr 24/8
Vedlegg: VS: Scannet fra lexmark

Kategorier: Grønn kategori

Hei

Eg viser til mottatt faktura nr 050000386 frå Meland kommune som gjeld byggesaksgebyr, samt tilkoplingsavgift for vatn og kloakk.

Ny bustad på eigedomen 24/8 erstattar det gamle huset som har stått her sidan 1901. I tillegg til sjølve eigedomen 24/8, har garden felleseige med 27% i utmarka til g/bnr 24/4, som garden 24/8 i 1901 vart skild ut frå. Jfr. original handskriven grunnbok.

Då Meland kommune etablerte det første offentlege vassverket for Frekhaug med demninga på Langeland, fekk gardane som eigde utmarka der vatnet kom frå, fri tilknytning og fritt vatn. Så vidt eg kjenner til gjaldt dette i alle fall gardane 24/4, 24/8 og 24/1, som alle eig delar av avrenningsområdet, men det kan ha vore fleire gardar. Det har for meg ikkje vore mogleg å finna noko dokument knytt til dette, men begge dei nemde naboar stadfestar at dette var tilfelle. Truleg bør det finnast dokument i kommunen som stadfestar dette.

Huset i Bustølvegen 34 har sidan den gongen vore tilknytt offentleg vatn. Ut frå meldingar frå kommunen motteke i samband med byggesaka knytt til oppføring av ny bustad, skjønar eg at dette ikkje har vore registrert i kommunen sine register. Vassforsyninga frå Langeland er for lengst erstatta av vassverket på Meland. Naboane har for lenge sidan bygd nye hus på eigedomane, og har truleg frå då av betalt vassavgift. Detaljar rundt når dette vart endra for deira del kjenner eg imidlertid ikkje til.

Nytt hus i Bustølvegen 34 skal difor sjølvsgt betale vassavgift, men bør fritakast frå tilknytingsavgift mot offentleg vatn, då eigedomen er tilknytt frå før. Legg ved melding frå røyrleggar som stadfestar dette.

Bustølvegen 34 har ikkje vore tilknytt kloakk, sjølv om denne vart ført fram mot huset då offentleg kloakk kom på plass langs Bustølvegen for 10-15 år sidan. Dette fordi mi bestemor, som då budde i huset, var for gamal til å handtere større ombyggingar. Med mindre tilknytning den gongen likevel vart betalt, er det rett at nytt hus skal betale tilknytning til kloakk.

Ber difor om å bli kreditert for tilkoplingsavgifta til offentleg vatn frå faktura 050000386 før betalingsfrist for denne går ut 30/12.

Med venleg helsing

Ivar Øvretvedt
Kirkegaten 49
5036 BERGEN

Mob: +47 94 50 79 50
ivar.ovretvedt@norconsult.com